



NORD-GUDBRANDSDAL
JORDSKIFTERETT

Bjørn Dalen
Skjåk kommune

2690 Skjåk

Saksnummer
0530-2009-0010

Vår referanse
Jnr290hsv

Vår dato
01.09.2009

**Kvittering for motteke krav om sak for jordskifteretten
Spørsmål om samansetting av retten**

Vi viser til ditt krav om grensegang innkome 27.08.2009. Kravet gjeld gnr. 146/1 m/fl i Skjåk kommune.

Saka har fått saksnummer **0530-2009-0010 Reinheimen verneområde** og vil bli behandla av jordskiftedommar Irene Runningen. Vi ber om at du gjev opp saksnummeret når du seinare kontaktar jordskifteretten.


Vi ber deg innan 16.09.2009 returnere vedlagde skjema der du gjer klart om du ønskjer retten sett med jordskiftedommaren som einedommar eller med meddommarar.

Til orientering lyder jordskiftelova § 9 andre ledd:

Såframt jordskiftedommaren finn det ubetenkeleg, kan jordskifteretten settast utan jordskiftemeddommarar dersom ein part gjer framlegg om det og ingen andre partar protesterer innan ein frist som jordskifteretten fastset.

Meddommarane blir oppnemnde frå eit utval valt av kommunestyret, jf. jordskiftelova § 8.

Med helsing
Nord-Gudbrandsdal jordskifterett


Helny Edith Svaet
konsulent
Tlf. direkte innvalg: 21553233
E-post: helny.svaet@domstol.no

Vedlegg
- skjema om samansetting av retten

Postadresse
postboks 171
2684 VAGA

Besøksadresse

Telefon 21553230
Telefax 21553231
Nord-Gudbrandsdal
Jordskifterett@domstol.no

Bank 21200726291
Bedriftsnr. 974726645
www.jordskifte.no